

Leif Bjarne og Marit Haukeland
Austfjordvegen 2638
5981 Masfjordnes

Sandnes 22.07.2022

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Høyringssvar for «Gjelder uteområde ved Sandnes skule - framlegg til endring.

Ref: 21/494 – 22/5141

I brevet som er datert den 09.06.2022 er det lista opp tre forslag til endringar på uteområde ved skulen. Der er fleire.

Synfaringa den 18.05.2022 er det ikkje ført referat frå. Der vart det sett på og omtala fleire forhold ved skulens leikeområde.

Punkta som vert vist til i dykkar brev:

1. To leikehytter i tre.....
2. Basketballbana.....
3. Reetablering av det høge gjerde.....

I tillegg er det i brev og synfaring, peikt på den asfalterte vegen som går tvers over skuleplassen og deler den i to. Likeså den store grusplassen til parkeringsføremål.

Bruken her lagar støy og farlege forhold bil – born, og begrensar borns leikeareal.

Framlegg til endringar i bruken av uteområde.

Slik me ser det:

1 og 3.

Det er sers posetivt med reetablering av gjerde mellom skuleområde og naturområde, og at hyttene vert flytta vekk derifrå. Men kvar skal dei flyttast til?

Eit nettinggjerde dempar ikkje støy men det vil føra til at aktiviteten på naturområde går ned til null. Sjølv sagt må det vera port, men berre til det føremålet som er nevnt.

2.

Den asfalterte ballbana som no er teken i bruk som basketballbane, med flyttbare korger, skaper mykje støy i stort område. Å begrensa bruken til 10:00 – 16:30 i skuletida og ellers til 24/7 har me inga tru på vil føra fram. Me har erfaring for at bana blir brukt seint på dag, også etter midnatt.

Veiledaren frå Helsedirektoratet seier klart at slike ballbaner med ein avstand på 30m, skapar konflikter. Her er avstanden ca 15meter. Veiledaren seier då større avstand (100m) frå bane til bustad. Me ser problemet løyst med at bana blir flytta tilbake til området ved fotballbana, der ballbanene var planlagt og etablert frå starten av.

Så til vegen inn til og gjennom skuleplassen. Kall det punkt 4. Sjå biletet. Den asfalterte vegen rundt skulebygga og over leikearealet må stengast for innkjøring til leikearealet. Også kalla skuleplassen. Vegen delar plassen i to og pressar leikeaktivitetane opp mot Gnr 31 bnr 58. Slik som sandkasse vasskar, treplatting og stangball. Alle støyande og støvande aktiviterar.

Det er innkjøringsforbod frå brannstasjonssida frå kl 08:00 – 15:30, og frå fylkesvegsida frå kl. 08:00 – 16:30. Ellers er det fritt fram for kjøring og parkering resten av døgeret. Me foreslår at det kun blir tillate å kjøre inn ein veg for varelevering og handikapkjøring. Ellers held vegen stengt. Asfaltert vegaereal og parkeringsareal kan då brukast til leikeformål. Sjå foto.

Denne trafikken fører med seg både støv og støy men også høg musikk, og for nokon som ei rundt og rundt kjøring. Og den er farleg for dei borna som er på kveldsaktiviterar.

Det er me vitner til.

Når kommunen stiller skuleområde (13,9daa) til rådvelde for alt og alle etter skuletid, så går me ut i frå at alt er gjennomtenkt. Også at dei sanitære forholda for dei besøkjande er ivaretekne. Og at det er ein brannstasjon midt inne i skuleområdet.

Ps. Det må vera mogeleg å få skuleklokka til å ta sommarferie også. Ds.

Med Helsing

Marit Haukeland
Marit Haukeland

Leif Bjarne Haukeland
Leif B. Haukeland